

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Steinulf Skjerdal  
Arkivsaksnr.: 17/3483

Arkiv: 223 Q15

---

## **Vedlikehald av vegen frå Mørkrid til parkeringsplassen på Jervane**

### **Rådmannen si tilråding:**

Luster kommune finn ikkje å kunna betala ut ekstra tilskot til vedlikehald av vegen Mørkrid – parkeringsplassen på Jervane. Dersom det skulle vera aktuelt med større oppgradering av vegen, bør det vera aktuelt å søkja midlar gjennom bestillingsdialogen til verneområdeforvaltninga.

## **Saksutgreiing:**

**Prenta vedlegg:** E-post frå Ø. Listou av 07.08.2017

**Uprenta vedlegg:**

## **Samandrag:**

I e-post til Luster kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane av 07.08.2017 «krev» Øyvind Listou midlar til vedlikehald av vegen frå Mørkrid til parkeringsplassen på Jervane i Mørkridsdalen på grunn av ekstra slitasje ålmenta sin bruk påfører vegen. Vegen ligg alt under ordninga med kommunalt tilskot til vedlikehald og fram til no har kommunen teke kostnaden med strøing og brøyting om vinteren. Dette i tillegg til at det offentlege har ytt store tilskot til ulike tiltak elles i området, som stutbetring, bruer m.m. som same grunneigarane også har nytte av, finn ikkje rådmannen å kunna tilrå ekstra tilskot til omsøkt føremål.

## **Utval som har vedtaksmynde:**

Formannskapet

## **Fakta:**

I e-post til Luster kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane av 07.08.2017 «krev» Øyvind Listou midlar til vedlikehald av vegen frå Mørkrid til parkeringsplassen på Jervane i Mørkridsdalen.

Listou syner til at det er han som har ansvaret for vedlikehaldet av vegen frå Mørkrid til gardane på Meljane og at bruken av vegen har auka monaleg etter at vernevedtaket for Mørkridsdalen landskapsvernområde vart gjort i 2009. Han skriv at det ikkje har kome ei krone til vedlikehald av vegen korkje frå grunneigarlaget, kommune eller fylkesmann. Han nemner også ei hending 06.08.2017 der ein traktor fullasta med storstein var å finna på parkeringsplassen utan at han var kjend med kva som skulle skje.

## **Vurdering:**

Opparbeiding og bruken av parkeringsplassen på Jervane er regulert gjennom avtale frå sommaren 2010 mellom grunneigarane Lars og Johan Mørkrid på den eine sida og Skjolden grunneigarlag på andre sida. Etter søknad frå grunneigarlaget ytte Luster kommune tilskot til utviding av parkeringsplassen i 2003 og det offentlege tok heile kostnaden med oppgradering og ytterlegare utviding i 2010. Steinmassane som Listou nemner vart nytta til oppgradering av stien dei første metrane oppetter frå parkeringsplassen i regi av nasjonalparkstyret etter avtale med grunneigarane sommaren 2017.

Den private vegen frå krysset med kommunevegen/fylkesvegen til parkeringsplassen på Jervane er på om lag 375 m. Det er rett som Listou skriv at det ikkje er noko fast ordning der det offentlege yter kompensasjon for meirbruken og slitasjen besøkjande påfører vegstrekninga. Men vegen kjem inn under den generelle ordninga med tilskot frå kommunen til vedlikehald av private vegar, og det er kommunen som fram til no har teke kostnaden med brøyting og strøing om vinteren, heilt inn til Meljane.

Rådmannen ser det som naturleg å sjå offentlege ytingar i samanheng og det er rett å peika på at det over ulike budsjett har vore tilført store ressursar til ei rekke tiltak i dette området seinare åra, som tilkomstvegen til Hørnevollen, buførvegen innerter Mørkridsdalen, stien mot Osen, bruer, opprensing av elvelaup o.a, for det meste med grunneigarlaget som kontaktledd mot kommune, verneområdeforvaltning m.v. Dei fleste tiltaka er i hovuddalføret, men grunneigarane er mykje dei same som også er interessentar i vegstrekninga Listou nemner.

Det vert for ressurskrevjande å leita fram alle saker frå arkivet for å få ei fullstendig opplisting, men samla er det snakk om tilskotsutbetaling på over 1,0 mill. kroner.

Rådmannen er ikkje usamd i at det offentlege bør stilla opp der ålmenta sin bruk av private vegar påfører vegeigarane ulemper og kostnader. Men sett i lys av at vegen alt ligg under ordninga med kommunalt tilskot til vedlikehald, at kommunen fram til no har teke kostnaden med brøyting (og strøing) om vinteren, samt offentlege tilskot til ulike tiltak elles i området som same grunneigarane har nytte av, meiner han at det offentlege i sum har rydda bra opp etter seg her.

Rådmannen finn ikkje å kunna tilrå at kommunen går inn på ei ny, fast ordning med tilskot til vedlikehald av vegstrekninga opp til parkeringsplassen.

Dato 24.08.2017

Jarle Skartun  
rådmann

Steinulf Skjerdal  
Landbrukssjef

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til: